



## Saksframlegg

### Søknad etablerar tilskot næringsfond

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

#### Endeleg vedtaksrett i saka har:

#### Dokument i saka:

#### Vedlegg

- 1 Søknad næringsfondet - Ketil Momrak-Haugan.pdf

#### Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har motteke søknad frå Momrak-Haugan Maskinservice (org.nr. 936 692 443) om kr 40 000 i etablerartilskot. Føretaket vart registrert i Brønnøysund 03.12.2025 og skal levere tenester innan maskinservice, utleige av kompetanse (maskinførar og mekanikar) samt kjøp, sal og oppgradering av maskiner.

Søkjjar har fagbrev som landbruksmaskinmekanikar og relevant praksis frå mellom anna Eiksenteret Seljord. Føretaket har allereie hatt oppdrag for lokale verksemder, og det er etablert dialog med fleire aktørar i regionen, mellom anna Nordby Maskin AS.

Tilskotet er planlagt nytta til etableringskostnader som marknadsføring, IT-utstyr og system, arbeidstøy, verktøy og oppgradering av verkstad/servicebil. Det ligg ikkje føre detaljert budsjett, men kostnadspostane er i tråd med vanlege etableringsbehov

#### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv.*

Søknaden gjeld etablering av ei lokal verksemd innan bygg- og anleggsrelaterte tenester, eit område der det er venta auka aktivitet i åra framover, mellom anna knytt til større utbyggingar i regionen.

Søkjjar framstår med relevant fagkompetanse, praktisk erfaring og eit eksisterande nettverk av kundar. Det er positivt at verksemda allereie har hatt oppdrag og konkrete førespurnadar, noko som reduserer etableringsrisikoen.

Etableringa vil kunne bidra til å styrke det lokale næringslivet og auke tilgangen på kompetanse innan maskin og mekaniske tenester i Fyresdal og Vest-Telemark. Verksemda kan også ha

potensial for å levere tenester inn mot større utbyggingsprosjekt, noko som er i tråd med kommunen sitt mål om å legge til rette for lokale ringverknader.

Det føreligg ikkje eit detaljert budsjett, men dei oppgitte tiltaka det søkjast støtte til er relevante og nødvendige i ein oppstartsfase. Ved ein søknad om tilskot i forbindelse med investeringar ville administrasjonen etterspurt dette.

Samla sett vurderer kommunedirektøren at søknaden er godt fundert, og at eit etablerartilskot vil kunne bidra til å realisere og vidareutvikle verksemda.

### **Konklusjon:**

Søknaden frå Momrak-Haugan Maskinservice vurderast å vere i tråd med føremålet for etablerartilskot. Tiltaket har potensial for lokal verdiskaping og styrking av næringsgrunlaget i kommunen.

Ein ser særleg positivt på at unge tek initiativ og ønskjer å etablere eiga verksemd. Slike etableringar er viktige for å sikre rekruttering, aktivitet og utvikling i lokalsamfunnet.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kommunedirektøren tilrår 40 000 kroner i støtte på etablerartilskot til Momrak-Haugan Maskinservice. Pr 01.04.2026 står det 1 290 000 disponibelt på Næringsfondet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	nærings sjef